Utstillinga er eit dokumentarisk portrett av den norske spelsauen, ein sauerase som har vore ein trufast fylgjesven gjennom fleire tusen år.



Atterhald om endringar. Sjå [www.ullveka.no](http://www.ullveka.no) og følg med på **Facebook** for oppdatering.

Foto: Vegar Valde




Årets  
Ullveka  
Sjal

Ullveka  
HORDALAND 2018

'Duvende hav'

Vigdis Valde



### Strikkefastheit

10 x 10 cm = 15 masker og 17 riller

### Garn

Sølje, totråda pellsullgarn frå Hillesvåg, ein hovudfarge (100 gr) og ein til stripene (50 gr)

Forslag til fargekombinasjonar:

- Garn A: 2115 naturgrå
- Garn B: 2133 mørk blå
- Garn A: 2133 mørk blå
- Garn B: 2101 beige
- Garn A: 2136 varm grå
- Garn B: 2131 plumme

Følg med på Instagram for andre garn og fargekombinasjonar  
#ullveka2018 #duvendehav

Alternativt kan du til dømes bruke Ask frå Hillesvåg, Finull frå Rauma eller Lofoten wool sitt totråda garn. Då vil du få eit meir fyldig og spenstig sjal sidan desse garna er spunne av ei ull med meir krus i fiberen enn kva pellsullfiberen i Sølje har.

### Pinnar

Rundpinne, 80 cm nr 5. Sjekk stikkefastheit! Strikker du fastare enn strikkefastheita seier, blir sjalet mindre og meir kompakt. Sjalet skal bli litt laust og mjukt.

### Tegnforklaring

- Garn A
- Garn B
- rett maske
- rille sett fra rettsida
- kast tråden rundt pinnen mellom to masker (strikk kast strikk inn i dei to og strikk dei saman. Høgre pinnen er på baksida når maskene vert strikka saman)
- ta to masker laust av med høgre pinnen og set venstre pinne inn i dei to og strikk dei saman. Høgre pinnen er på baksida når maskene vert strikka saman
- strikk to masker saman ved å stikke pinnen inn i to masker samstundes frå framsida. Då blir dei to maskene liggande mot høgre



**Start** Legg opp 7 masker (m) med hovudfargen.

Strikk tre pinnar. (Garnenden du starta med blir liggande på venstre side av retta.)

**4. p:** Strikk 2m, kast, 1m, kast, 1m, kast, 1m, kast, 2m.

No har du etablert to kantmasker i kvar side, første maska på den høgre halvdel, midtmaska og første maska på den venstre halvdel.

**5. p:** Strikk alle masker og kast rett. Strikk kastet rett slik at det blir hol. No har du 11 masker på pinnen.

**6. p:** strikk 2m, kast, 3m, kast, 1m, kast, 3m, kast, 2m.

Alle oddetalspinnar strikker du rett, slik du gjorde med 5. pinnen heile sjalet ut.

**8. p:** strikk 2m, kast, 5m, kast, 1m, kast, 5m, kast, 2m.

Alle partalspinnar strikker du med kast etter dei to

kantmaskene og på kvar side av midtmaska heile sjalet ut, både på pinnar med holmønster og dei utan. (Unntaket er når du feller av, som skjer på ei partalspinne.)

Fortsett slik med ei auke på 4 masker kvar andre pinne heilt til du har 101 masker på kvar side av midtmaska, dvs 203 masker i det heile.

### No startar holmønsteret. Sjå diagram

Diagrammet er ei halvside av sjalet, dvs at du skal strikke deg gjennom diagrammet to gonger på ein mønsteromgong/pinne.

Alle pinnar med holmønster og kast strikkast på partalspinnane som du har gjort heile vegen så langt (framsida).

Mønster rapporten har 18 masker.

Rapporten strikkar du fem gonger over ei halvside.

Midtmaska og sidemaskene er ikkje i diagrammet, men hola som aukar er teikna med.

Midtmaska og dei to kantmaskane strikkar du heile tida på same plassen heilt ut gjennom holrader og vanlege rille-rader til sjalet er ferdig.

Mellom kvar stripe med holmønster er det tre riller på rettsida.

Alle fargeskifte skjer på partalspinnar (retta).

Fargeskifte utan garnender: ryk garnet av ca 18-20 cm frå pinnen når du har 10 masker igjen på pinnen. Tov den andre fargen saman med den du har strikka med ved å hekte dei saman og ut igjen med ca 3-4 cm ut på kvar side. Fukte garnendane og gni dei saman mellom hendene. Varmen og friksjonen frå hendene og fuktinga er nok til å tova dei saman. Eit slikt fargebyte vil gjere at du ikkje treng å feste fleire enn to garnendar; starten og slutten.

**Avslutning** Fell LAUST av etter at du har strikka den oddetalspinnen som laga den andre rilla over den 6. holradsomgongen.

Det er viktig for både mønsteret og fleksibiliteten på sjalet at du feller laust av. Er det vanskeleg å få til, så gå gjerne opp eit halv- eller heilt nr i pinnestørrelse på den høgre pinnen når du feller av.

## Med inspirasjon frå Shetland



På nokre øyer uti havet har dei gjort ull til eit verdskjent varemerke. I slutten av mai reiste ein heil delegasjon frå Nordhordland til Shetland på studietur for å sjå korleis dei nyttar ulla der. Det var mykje å sjå både av historie og dagsaktuell produksjon med utgangspunkt i ull. Eg var med som representant for grunnskulen i vårt område. Då eg fekk spørsmål om å designe ullvekesjalet, ville eg at det skulle ha noko av Shetland i seg. Valet fall på bølgemønsteret. Det er eit tradisjonelt mønsterelement langst kantane på dei store firkanta sjala dei kallar 'haps' på Shetland. Eg likar det reint estetisk, men det er og fint å strikke inn bølgene frå sjøen som ligg rett utanfor vindauget vårt her vest, og som tradisjonelt har vore ferdelsåra for kontakt mellom Shetland og Norge. God strikking!

Helsing Vigdis Valde



Takk til Åse Brit Andreassen Meltvik (@strikketrix) og Line Ones som har teststrikket mønsteret og gitt konstruktive tilbakemeldingar på tekst og diagram, Helene Olli Sollid på Gripen gard i Meland som opna garden som kulisse for bileta (@gripen.gard), og Vegar Valde som fotograferte (@vegarva).

## Norsk Trikotasjemuseum MUSEUMSENTERET i Hordaland

Bli med på ei omvising i  
Salhus Tricotagefabrik  
(1859 – 1989).

Sjå maskinane som karda,  
spann, strikka og sydde klede  
i bomull og ull, og opplev  
nokre av dei i drift.

Ta ein pause i vår trivelege  
kafé og kjøp heimelaga  
kaker, rundstykke, vaflar og  
is mens du nyt utsikta over  
fjorden inne eller ute på  
terrassen.

Besøk museumsbutikken  
der vi sel produkt som er  
strikka og sydde på museet.

Meir info finn du på  
heimesida vår: **muho.no**

### Strikkekafe i haust

30. oktober kl. 19:  
**Anett Opheim** -  
strikkedesigner og forfattar  
av boka #WeKnit som kjem  
ut i haust.  
Open kafé frå kl. 18-21.  
Inngang kr 60,-

27. november kl. 19:  
**Linda Marvang** -  
strikkedesigner og forfattar  
av boka *To rett en vrang*  
Open kafé frå kl. 18-21.  
Inngang kr 60,-




Foto: Tove Lise Mossestad



Opningstider (2.9 - 9.12):  
tysdag - fredag kl. 11-15  
søndag kl. 12-17

# LYNGHEISENTERET på Lygra



Ull ute - varmt inne

## Bærekraftig villsau på Lyngheisenteret!

På lyngheiene går sauene ute heile året, og inne sel vi villsaugarn, skinn, kjøtt og diverse ullprodukt. I restaurant Matstova har vi villsau på menyen.

Pinnekjøttet og julebordsesongen er like om hjørnet.  
For booking og meir info, sjå [www.lyngheisenteret.no](http://www.lyngheisenteret.no)



**Lyngheisenteret**  
MUSEUMSSENTERET i Hordaland

# ULLIALT

Tekst: Norges Husflidslag

**OM PROSJEKTET** Ull er eit materiale med ein lang tradisjon i Norge, som fortsatt vert mykje brukt og som har fantastiske kvalitetar. Likevel heldt materialkunnskapen på å forsvinne, og det same gjeld ferdigheitene knytt til korleis ull kan brukast og foredlast. Dette vil Norges Husflidslag endre, og fram til 2018 skal difor norsk ull i alt stå fremst på agendaen! Å bruke ull har ein lang tradisjon i Norge, og det eldste ullplagget vi har funne her til lands er heile 1700 år gammalt. Fram til industrialiseringa var ull saman med lin det dominerande tekstilet. Vadmelstøy, strikka genserar og jakker, strømper, luer og vottar var laga i heimespunne garn av ull frå norske sauerasar. I strikkeplagga ser vi og ein rik mønster-flora som stadig vert vidareført og utvikla, og tradisjonelle mønstre som dei frå Setesdal, Fana, Selbu og Nordland er alle utvikla med utgangspunkt i den norske ulla. Ein rik mønstertradisjon finn vi og i vevinga av ulike innreiingstekstiler som åkle, dukar og båtryer, med utallege lokale variantar. Her har ulla vore eit sjølvsgatt materiale. I den norske biletvevtradisjonen har det også blitt brukt dekkhårsull av spælsau. Ull har altså vore, og er framleis, eit populært materiale – og ulla dukkar både opp som ein del av høy-søm (haute couture) og kvardagsmoten.

**NORSK ULL HAR FANTASTISKE KVALITETAR** Ull er heilt unikt materiale, med mange fantastiske kvalitetar. Ulla isolerer mot kulde og varme, den kan ta opp 35-40 prosent fuktigheit før den kjennes fuktig, den har styrke og spenst, den kan filtast sånn at den vert vassavstøytande og gir slitesterke plagg som kan brukast gang på

gang! Kort sagt er ull eit materiale med utruleg mange gode eigenskaper. Sauerasane i Norge er tilpassa eit vått og kaldt klima, og ulla deira likeins. Så den norske ulla er perfekt til ytterbruk. For mange er den for grov til å ha rett på kroppen, men den egner seg godt til handstrikkegarn og teppegarn.

**KORTREIST OG MILJØVENNLIG** I motsetning til store deler av verdas tekstilindustri, så er den norske ulla miljøvennleg, kortreist og eit etisk godt produkt. Gjennom generasjonar har det blitt lagt vekt på avl og god sortering av ull, og Norge er det einaste landet som har nasjonal klassifisering av ulla. Sauen er vaksen opp i eit kaldt klima og eit rent miljø, med lite sjukdom og bruk av sprøytemidlar, og dette gjer den svært miljøvennleg. Sauen opprettheldt gjennom beiting kulturlandskapet og hindrar attgroing. Ulla vert sendt til England for å vaskast, men 20-30 prosent av den vert sendt tilbake, og i eit globalt perspektiv er ulla framleis kortreist.

**FORMIDLE, DELE OG LÆRE OM ULL!** All denne kunnskapen om ull og ferdigheitene i korleis ein jobbar med ull, vil Norges Husflidslag dele og utvikle i åra som kjem. Vi vil lære opp morgondagens forbrukar, ivareta kulturarv, skape merksemd omkring miljø og kulturarv, og ikkje minst fremje skaparglede og kreativitet i møte med ulla og alle dei teknikkane ein kan bruke når ein jobbar med materialet! Ullialt er eit landsomfattande prosjekt, kor alle lokallag, handverkarar, butikkar og omverda vert oppfordra til å være med på ferdal! [Meir om Ullialt på www.husflid.no/fagsider/ullialt](http://www.husflid.no/fagsider/ullialt)



Ullialt

# LOKALE KLEDE? KVA ER DET?

*Det som er heilt sikkert, er at det ikkje berre er kofte og bunader – som ofte er det første vi i Norge tenkjer på. Lokale klede kan på same måte som lokalmat bidra til lokal produksjon, stoltheit, variasjon og kvalitet og ikkje minst til å få ned miljøbelastningar frå klesforbruket*

Tekst: Ingun Grimstad Klepp & Tone Skårdal Tobiasson




I haust lanserer Ullvang ein strikkegenser i lammeull frå villsau, kor garnet er spunne på Hillesvåg Ullvarefabrikk, ulla er frå lokale sauer i regionen og genseren er strikka i Baltikum. Den er viktig i ein diskusjon om berekraftig forbruk. I vår, på ein konferanse på Frekhaug i samarbeid med Nordhordland Utviklingselskap og Lyngheisenteret på Lygra, fekk vi høyre om ei klimapositiv lue som brukte lokal ull i California og vart spunne og strikka lokalt – og dermed hadde dei rekna ut at lua fangar CO<sub>2</sub>. Reine månelandinga, med andre ord.

Vi vil påstå at om du strikkar eit plagg med norsk ull som er spunne i Norge, er du antagelig med på å fange CO<sub>2</sub> du også. Men du bidrar og på andre måtar: Du opprettheldt kunnskap ved å sørge for at tekstilproduksjon blir verande i Norge og ikkje «berre» går føre seg på den andre sida av jordkloden. I tillegg viderefører du ein kulturarv; for i Norge strikkar nesten halvparten av alle kvinner og det er dobbelt så mange som i andre land. I tillegg er norske strikkeplagg – og særleg genserar og kofter – blant dei som vert brukt mest og lengst.

Den eksplosive aukinga i såkalla 'fast fashion' i syntetiske materialer er ein av vår tid sine største miljøbomber, ikkje minst på grunn av mikrofibre og mikroplast som kjem ut i naturen via vaskemaskiner og husstøv. Å sjå alt i samanheng, slik dykk i Nordhordland gjer i arbeidet med å få Unesco biosfære-status, har ført til at lokal ull og produksjon har blitt løfta fram, særleg gjennom Ullveka. Å ta eigarskap til gode og vakre klestradisjonar, omfamne ein lokal fiber med unike kvalitetar er noko vi heier på i KRUS-prosjektet, som er finansiert av Norges Forskningsråd sitt Bionær-program. Prosjektet går mot slutten og vi er stolte av dei resultatane vi har oppnådd. Blant anna Vegard-genseren og auka fokus på verdikjeda til våre tekstilar. Vi håpa at det fokuset som har vore på lokalmat skulle smitte over på klede, og dette er blitt verkelegheit.

Foto: KRUS

Illustrasjon: Turid Angel Eng



Ingun er klesforskar, forbruksforskar, seniorforskar, etnolog og til naud kulturhistorikar, Tone er journalist og redaktør for [nice-fashion.org](http://nice-fashion.org). Saman jobbar dei med ullprosjektet KRUS. Dei to har nyleg skrive boka 'Norsk strikkehistorie' (som vert presentert nærare på Hillesvåg lørdag kl 13 under Ullveka) og 'Strikk med norsk ull' som vart lansert i fjor under Ullveka 2017.

## DIN LOKALE GARN OG ULLPRODUSENT

#DINNORSKEULLVAREFABRIKK

#NORSKULL #KORTREISTGARN

#HÅNDSTRIKK #MASKINSTRIKK #VEVING

#PLANTEFARGING #SPINNING #TOVING



# Hillesvåg

ULLVAREFABRIKK

LEKNESVEGEN 259 - NO-5915 HJELMÅS, NORWAY - TEL. +47 56 35 78 00 - WWW.ULL.NO - POST@ULL.NO

1898 - 2018  
HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK  
120 år  
ETABL. 1898 - 2018

# HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK

120 år i ulla sitt teikn

Tekst: Ane Mørkved Kortner



**H**illesvåg Ullvarefabrikk vart bygd i 1898 av Mikkel Myhr, og er i dag dreven av 4. generasjon. Fabrikken er ein av dei få ullvarefabrikkane som er att i landet vårt, og som fortsatt produserer garn og kardevarer av norsk ull.

Gjennom 120 år har hjula snurra og reimene gått sine trufaste rundar i trebygningen ved Osterfjorden. Den norske kvalitetsulla har lagt grunnlaget for stadig fleire garnkvalitetar og ulike typar av karda og ukarda ull for filtmakarar og handspinnarar.

For 5 år sidan vart Hillesvåg Ullvarefabrikk ein del av det internasjonale Économusée-nettverket, og på same tid kom initiativet om ei eigen Ullveke på vestlandet via Sommerakademiet. Ideen vart til verkelegheit, inspirert av Shetland Wool Week og i same ånd som 'Campaign

for Wool', i Storbritannia. Ullveka vart arrangert for første gang i 2014. Dei siste 3 åra har Hillesvåg, Lyngheisenteret og andre aktørar knytt til Ullveka, vore involvert i eit treårig samarbeidsprosjekt under namnet KRUS. Prosjektet har hatt fokus på å få fram kvalitetane i norsk ull gjennom kvalitetsarbeid i næringskjeda, auka kunnskap og betra marknadsføring. KRUS er tverrvitenskapleg og dekkjer verdikjeda frå gard til fiber og til slutt til ferdige gode klede. Alt dette har igjen ført til auka satsing på ull som ressurs i regionen Nordhordland, og er ein del av bakteppet for ullsatsinga vidare.

Så i år feirer vi 120 år i ullas teikn på fabrikk, 5 år som open handverksbedrift i Économusée-nettverket og 5 år med Ullveka. Med andre ord – det er mange grunner til å ta turen til Nordhordland under årets Ullveke!

Foto: Kjersti Isdal




Foto: Hillesvåg Ullvarefabrikk



# ULL OG GARN FRÅ 'VILLSAU'



Tekst: Karin Flatøy Svarstad

**G**amalnorsk sau – populært kalla 'villsau' er ein av dei eldste og opphavlege rasane vi har i landet. Vi kan godt seia at vi har hatt desse sauane i landet sidan vikingane heldt til her. Dei nytta denne ullkvaliteten til mellom anna veving av seil til sine vikingskip. Sauen er slett ikkje vill, men lever ute langs kysten frå svenskegrensa i sør til Finnmark i nord. I store deler av landet lever den ute heile året. Ulla er ei av årsakene til at det er mogeleg. På ein måte er desse sauane skapt for å leva ute året rundt. Ulla er spesiell, den er 'tofella' og med det meines at dei har to slag ull på seg. Dei har mjuk og svært finfibra botnull som held sauane varme sjølv på kalde vinterdagar. Utanpå ligg det dekkhår og vernar den fine botnulla mot regn og rusk.

Gjennom Sommerakademiet har eg arbeidd med ulla frå desse sauane sidan 1995. Eg har hatt undervising og opplæring av 'villsaubønder' gjennom mange år med tema: 'Korleis nytta denne spesielle ulla, korleis gjera ullkvaliteten betre og få den distribuert?'. Interesse for denne ullkvaliteten er heldigvis aukande.

Det er lagt ned mykje arbeid for å utvikla ulike produkt. No har ein endeleg fått til garnkvalitetar i fleire naturfarger. Garnet er godt eigna til bruksplagg


som genser, jakke, luer og sokkar. Det er og fint som vevgarn. Plagg strikka av 'villsaugarn' vert luftige og lette å ha på. Ulla pustar, og ein vert ikkje svett eller klam av å ha på seg ein villsaugenser eller sjal strikka av denne ullkvaliteten, sjølv på en varm dag.

I samband med at Ullveka feirar 5 år i 2018, vart eg inspirert til å få laga eit 'villsausjal' som markering av jubileet. Sjalet er laga av garn frå villsauen og det er mjukt, lett og luftig. Deler av dekkhåra er tatt bort men ikkje alle, det gjer kvaliteten ekstra luftig og mjuk. Mønsteret er ein kombinasjon av holstrikk og hekling.

Gamalnorsk sau fins i fleire fargar, og det er gjerne fleire farger på ein sau. Garnet til villsausjalet er strikka i tre naturfargar, lysgrå, mellomgrå og sauesort. Garnet er eintråda og lett å strikka, og det er litt lanolin i garnet. Ulla er samla og sortert av Sommerakademiet. Garnet til sjalet er spunne hos gardsspinneriet Telespinn AS i Telemark. Det er ikkje lett å få tilverka garn av denne ullkvaliteten i dag, vanskjeleg å finna god kvalitet som kan spinnast.

Mønsteret til sjalet er designa av Denise Samson, som har skriva boka 'Hekta på hullstrikk', og held kurs under Ullveka. Her vert det og mogleg å skaffe seg garn og mønster til villsausjalet.

Foto: Marius Knudsen (villsaubildet), og Denise Samson (sjalet)



# FRÅ BEITEMARK TIL GARN

*Å strikke er ein hobby svært mange driv med, men har du tenkt over kor mykje garnet ditt har vært gjennom før det hamna på strikkepinnane? På Lyngheisenteret kan du sjølv ta del i prosessen ...*

Tekst: Mona Karstensen



Foto: Lyngheisenteret



**F**ør ulla blir til garn er det mykje som må gjerast, og det startar med ein tur til barberaren. Men før sauen kjem så langt, må den sankast, og det er noko alle kan være med på.

På Lyngheisenteret går villsauene fritt ute heile tida, men på våren er det klart for årets klipp, og då må dei sankast saman. Dei mister ein del ull sjølv, men den er ikkje så god å lage garn av, då den ofte er tova. Difor er det viktig med ei ordentleg forsommarklipp.

Å sanke sauer er ein morosam aktivitet for heile familien. Den fyrste laurdagen i juni sankar vi sauene på Tangane, eit terreng som passer fint for barn å springe i. Sundagen jakter vi på villstyringane ute på Lurekalven, øya som ligg like ved Lygra. Her er terrenget kupert, og du får god trening! Når sauene er samla i innhegninga, står barberaren klar, no skal ulla av! Helsesjekk og

vaksine får dei i same spranget, og lamma vert merkte, her er det effektivt! Som publikum får du sjølv sagt sjå på dette, og kanskje får du hjelpe til og. Etter frisørtimen må ulla sorterast. Den inste er mjuk som merino, mens ytterfellen er litt grovare. Ulla frå villsau er veldig varm, og den har eit høgt innhald av lanolin, som gjer at den nærmast er impregnert, noko som er veldig bra med tanke på vestlandsværet.

Du kan sjølv få være med å grovsortere ulla etter farge og kvalitet, og kanskje er det nettopp den ulla du har mellom hendene dine som seinare hamner i strikketøyet? Når alt er grovsortert er neste steg finsortering av ulla, som vi så leverer til Hillesvåg Ullvarefabrikk. Der vert ulla vaska, karda, farga og spunne til flotte garnnøster, og du kan strikke kva du vil i verdas beste ullkvalitet!






*Tekstilhistoria vår er spennande, full av nesten gløymd kunnskap – kunnskap som har gjort oss til dei vi er og forma identiten vår. Osterøy museum har i mange år hatt fokus på denne kunnskapen og vi har fordjupa oss i fleire av dei tekstilane som tradisonelt har vorte vovne på oppstadveven*

Tekst: Monica Ravnanger

## VARAFELL FRÅ TOKT TIL SCENE



Oppstadveven, eller oppstadgogna, er den eldste vevstolen vi kjenner til og ein meiner den har eksistert sidan steinalderen, fleire tusen år før vår tidsrekning. Vevan står oppreist mot veggen med renningstrådane knytt fast nede, til vevlodd av stein, eller keramikk. Den vart brukt til alle slags tekstilar, frå klede til seglduk. Denne vevan er opphavet til dei vevane og tekstilane vi har i dag.

Fortidsmennesket hadde god kunnskap om fibrar og eigenskapar og brukte denne kunnskapen når dei lagde tekstilar. Ein varafell er ein stor vevd ullfell. Den ser ut som, og har eigenskapane til, ein sauefell. Sidan den er vovne, kan ein varafell bli mykje større enn ein sauefell. Det er vovne inn lang floss av dekkhår, og dekkhårtustene har den eineståande eigenskapen at vatnet vil renne rett av. Varafellen vart brukt som ei kappe kring skuldrane, av gjetarar, fiskarar, og vikingar på tokt. Den fungerte som vern mot både regn og kulde.

Varafellen, eller Røggvarafeldur, som den heiter, er ei tusen år gamal islandsk handelsvare. Handel mellom Island og Norge var vanleg alt i vikingtida, og frå Island fekk vi også vadmål. Det var sikkert å handle med teks-

tilar og det var lettare å ha kontroll på verdi, storleik og vekt enn ved sølv. Varafellen kom til Norge med handelskip frå Island. Snorre skriv i si kongesaga om eit islandsk havskip, fullt av varafellar, som kom seglande inn Hardangerfjorden. Når ingen ville kjøpe desse fellane gav dei til slutt ein fell til kong Harald. Det varte ikkje lenge før alle Røggvarafeldurane var selde – og på denne måten fekk kongen tilnamnet Gråfell.

Osterøy museum har hatt eit par annleis og spennande prosjekt i vevan, der vi har vovne jakke-armor i varafell til både catwalk og scene. Til artisten Aurora vart det vovne eit par armor som skulle brukast på scena under Bergensfest sommaren 2017. Vi brukte kvit ull frå gamalnorsk spælsau og den kvite ulla skapte eit heilt nytt uttrykk i vevan. Ulla vart lett og luftig og rytmane skapte bevegelse i armene og gav varafellen liv. Det var ein gamal handverksteknikk som var oppdaga på nytt og brukt på ei heilt ny måte.

Det å veva på oppstadvev handlar om å vera til stades i arbeidet og ta seg tid. Reisa vert like viktig som målet. Arbeidet i vevan gir nærleik til, og respekt for vår felles tekstile arv.

Osterøy museum  
Der handverket framleis lever



#folkemuseum #kulturarv #handverk  
#lafting #tresko #oppstadvev #ull  
#plantefarging #stompekaker



Galleri **Rustica**  
Holmeknappen 49, 5918 Frekhaug  
Tlf. 991 69 281

[www.gallerirustica.no](http://www.gallerirustica.no) ♦ på facebook

UTSTILLINGAR KONSERTAR  
FOTOKULISSE UMLEIGE

#1



**ME ER STØRST I NORDHORDLAND**

Størstedelen av æra har du

I ei tid når avis-Norge kjempar i motbakke, er det kjekt å oppleve at folk i Nordhordland har Strilen som førsteval både når det gjeld papiravis, nettavvis og nettavvis på mobil. Det går ikkje an å laga god lokalavis utan ivrige lesarar som tipsar og gode annonsørar som ser verdien i å annonsera. Me har begge delar. **Tusen takk!**

**Strilen**  
[www.strilen.no](http://www.strilen.no)

KARTVEIT GJESTETUN



- der fortida møter framtida -

Tunet ligg fritt til på ei høgd i roleg og inspirerende naturmiljø, med utsikt og lange sol-dagar

Overnatting på døg-, helge- eller vekebasis

[www.kartveit.com](http://www.kartveit.com)

Radøyvegen 1277, 5936 Manger. Tlf 456 87766



**HALLOWEEN** på Prærien  
31. oktober kl. 18 - 20

I Prærielandsbyen på Vestnorsk Utvandringssenter vert det amerikansk Halloweenfeiring for heile familien. Finn fram kostymet og gjer deg klar for ein spennande kveld. Sminken kan du få hos oss...

Følg oss gjerne på Facebook for oppdatert info om alle arrangement:

[www.facebook.com/utvandringssenteret](http://www.facebook.com/utvandringssenteret)

[www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter](http://www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter) • Vestnorsk utvandringssenter

**GRAFISK HUS** *Alt til markesføring*


**FOR Å GJØRE DEG SYNELIG**



**GRAFISK HUS**  
TRYKKSERVICE

**BILREKLAME - FOLIERING  
SKILT OG DEKOR  
PRINT OG TRYKKSAKER  
GRAFISK DESIGN**

Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ - Tlf. 56 35 22 50 - [www.trykkservice.no](http://www.trykkservice.no)  
facebook: Grafisk-Hus - E-post: [post@trykkservice.no](mailto:post@trykkservice.no)



ULLVEKA.NO

VI SJÅAST I 2019!